


# HALVÅRSPLAN VÅREN 2024

## GEIRANGER BARNEHAGE



Veve	Tema :
1-5	Snø og vinterleikar
6-9	Tal og former
10-13	Nærmiljø og samfunn
14-18	Påske
19-22	Såing og fjøset
23-26	Sommar og uteleik

## Kva er ein halvårsplan?

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har. På bakgrunn av rammeplanen utarbeidar vi ein halvårsplan som skal spegle dei ulike fagområda frå Rammeplanen 2017. Dette gjer vi gjennom bruk av tema, mål og metodar.

Når halvårsplanen er laga er det den vi tek utgangspunkt i når vi skriv vekeplanar.

Vi har vald å lage éin halvårsplan for barnehagen vår.



## Kva er rammeplanen?

Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Målet med rammeplanen er å gi styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet elles ei forplikta ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen.

For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.

### Fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen skal gi retning for og prege arbeidet med fagområda, og barna sin rett til medverknad skal ivaretakast. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidraga til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og kjekk del av kvardagen deira. Barna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meningar. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheter innafor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.

("Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen", 2017)

## VENNSKAP



"Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap.

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov." ( Rammeplanen 2017 s. 22-23)



I barnehagen skal barna få oppleve og vere ein del av eit fellesskap, der vennskap og sosiale relasjonar står i høgsete. For å få til eit godt miljø i barnehagen er det heilt nødvendig at barna lærer seg til å lytte og ta imot beskjeder. Dei må lære seg og lytte til dei vaksne, men like viktig er det å lytte til kvarandre. Vi i barnehagen er opptatt av å sjå kvar enkelt, å bidra til at barna får ein forståing av kva det vil seie å vere ein god venn. Vi må lære dei å akseptere kvarandre, vise empati og gi dei ei forståing for at alle er forskjellige.

# Veke 1-5

## TEMA: Snø og vinterleikar



MÅL	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skape gode stunder ute om vinteren</li><li>- Utforske naturfaglege fenomen</li><li>- Bli kjent med begrep for snø, is, vann</li></ul>
METODE	<ul style="list-style-type: none"><li>- Leikar i snøen</li><li>- Sangar</li><li>- Ski og aketur</li><li>- Eksperiment med snø og is</li><li>- Arrangere vinterleikane</li></ul>

«Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna opplever og utforsker naturen og naturens mangfold, samt får gode opplevelser med friluftsliv året rundt»  
(Rp, 2017, s.51)

# Veke 6-9

## TEMA: Tal og former



<b>MÅL</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Barna blir inspirert til ein større matematisk forståelse, tenkning og får fleire matematiske erfaringar</li><li>- Stimulere barnas undring, nysgjerrigkeit og motivasjon for problemløysing</li></ul>
<b>METODE</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Forming</li><li>- Leik i gymsalen</li><li>- Måling</li><li>- Sortering og konstruksjon</li><li>- Spill</li></ul>

"Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar. " (Rp 2017, s. 53)

## Veke 10-13

### TEMA: Nærmiljø og samfunn



MÅL	<ul style="list-style-type: none"><li>- Bli kjent med kven Gaute Gneis, geita Lykle, elva Slufså, isbreen Kupe Bre og Moder Mantel</li><li>- Bli kjent med området vårt</li><li>- Få erfaring med kulturarven i nærmiljøet vårt</li></ul>
METODE	<ul style="list-style-type: none"><li>- Gjennom Gaute Gneis sin song «Alle greier litt»</li><li>- Forestilling</li><li>- Besøke fjordsenteret</li><li>- Barnehagedagen 2024 «Staden min»</li><li>- Forming</li><li>- Bøker</li></ul>

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.» (Rp 2017, s.10)

## Veke 14-18

### TEMA: PÅSKE



I fleire hundre år har kristen tru og tradisjon saman med humanetiske verdiar prega norsk og europeisk kultur. Påska er den eldste kristne høgtida med ei historie frå ei tid på ca 2000. år tilbake sjølv om mange no forbind påska med sol, ski og påskeferie.


Noreg er i dag eit multireligiøst og fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som den skal ta med seg verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon.

MÅL	<ul style="list-style-type: none"><li>- Få kjennskap til kvifor vi feirar påske</li><li>- Bli kjent med norske påsketradisjonar (ski, appelsin, fjellet)</li><li>- Få kjennskap til omgropa: Hare, egg, kylling</li></ul>
METODE	<ul style="list-style-type: none"><li>- Forming</li><li>- Songar</li><li>- Påskeegg-jakt</li><li>- Tur</li><li>- Samlingar</li></ul>

“Gjennom arbeidet med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, og bli kjend med religionar og livssyn som er representert i barnehagen” (Rp 2017, s. 54)

## Veke 19-22

### TEMA: Såing og fjøset



<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Bli meir kjent med gårdsdyra</li><li>- Kvar kjem maten frå?</li><li>- Dei skal få kjennskap til kva som skjer med frøa vi plantar</li></ul>
<b>METODE</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Besøke eit fjøs</li><li>- Så ulike frø</li><li>- Bøker</li><li>- Songar</li></ul>

Personalet skal legge til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring (Rp, 2017, s.52)

## **Veke 23-26**

### **TEMA: Sommar og uteleik**



<b>MÅL</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Får gode sanseopplevelsar</li><li>- Få meir motorisk utfoldelse og meistring ute</li><li>- Få kunnskap om innsekt og blomster</li></ul>
<b>METODE</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Forming</li><li>- Sang</li><li>- Turar</li><li>- Turbingo</li><li>- Studere insekt og blomster</li></ul>

## LEIK

"Den viktigaste sosialiseringsarenaen i barnehagen er leiken" (Rp 2017, s. 40)

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling".

(Barnehageloven § 1 Formål)

"Barnehagen skal gi barn mulighet for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter". (Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold)



Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.

Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling, der vi i barnehagen skal inspirere og gi rom for ulike typar leik, både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Personalet i barnehagen skal vere med på å fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leik (jmfr. Rp 2017, s. 20).

- Leiken er lystbetont, frivillig, spontan og ikkje målretta.
- Leik er for barnet "på liksom", den ligg utanfor den verkelege verda.
- Leik innebær spenning.
- Leik er førebuing til voksen alder.
- Gjennom leik skaffar barn seg erfaringar og gjer seg kjent med omgivnadane.

### Det finst mange ulike typar leik:

Sansemotorisk leik/ funksjonsleik, frå 0 år.

Rørsleleik/ tumleleik, frå ca 1 år.

Samleik/ parallelleik, frå ca 1,5 år.

*Den vaksne er den beste leikekameraten i starten, og er den som lærer barnet kva som er kjekt å leike!*

- Symbolleik, frå ca 2 år - 4 år.
- Rolleleik, frå ca 3 år.
- Konstruksjonsleik, frå ca 3 år.

Gjennom leik lærer barnet seg sjølv å kjenne, og utviklar tillit og respekt i forhold til seg sjølv og kva det er i stand til å meistre av utfordringar